



Toomas Magi  
Dalemarka 19  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1498 - 14/4653

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
27.03.2014

## Førespurnad om bruk tilknytt gbnr. 20/18 i Meland kommune

Det vert vist til brev frå Meland kommune til Dykk av 13.3.2009 i samband med ein førespurnad frå Dykk om bruksendring av bygning på gbnr. 20/18 (Dalemarka 19).

I ovannemnde brev gjorde kommuneadministrasjonen reie for kva krav og vilkår som gjeld generelt for bruksendring frå fritids- til heilårsbustad. I ettertid er kommunen gjort merksam på at De er registrert i Skatteetaten sitt folkeregister som fastbuande på bustadsadressa Dalemarka 19, utan at kommunen har motteke søknad eller gjeve løyve til slik bruksendring.

Meland kommune ber på denne bakgrunn å få opplyst om De nyttar Dalemarka 19 som Dykkar faste bustadsadresse. I så tilfelle må denne bruken avvikles snarast, med mindre det vert omsøkt og gjeve løyve til naudsynt bruksendring. Søknad om bruksendring må i så fall sendast inn av eit føretak med ansvarsrett, jf. Plan- og bygningsloven § 20-1.

Frist for tilbakemelding vert sett til 24.4.2014.

Administrasjonen gjer merksam på at en eventuell bruk i strid med gjeldande godkjenning normalt normalt er underlagt reglane om oppfølging av ulovlege byggjesaker i Plan- og bygningsloven kapittel 32.

Med helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



**Mottakere:**  
Toomas Magi

Dalemarka 19

5918

FREKHAUG